



Byggtec Bergen AS  
Postboks 37  
5113 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1279 - 18/15346

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
14.05.2018

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 147/18 Sellevoll

Tiltak: bruksendring  
Byggjestad: Gbnr: 147/18 Skarsvegen 549  
Tiltakshavar: Veronica Vamråk Førde  
Ansvarleg søkjar: Byggtec Bergen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.04.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Grunngjeven søknad om dispensasjon**

Det kan vera av betydning om ein kan dokumentera eller sannsynleggjera at veg, vatn og avløp kan realiserast. Det er lite opplysningar om desse anlegga i søknaden. Kvar skal anlegga plasserast? Kvar skal utsleppsleidninga gå? Er rett til plassering av anlegg/leidningar sikra privatrettsleg?

Sosiale, helsemessige, økonomiske årsaker, arv og/eller slektskapsforhold og andre privatrettslege og personlege grunner er som regel ikkje relevante.

- **Nabovarsel**

Eg legg ved ny naboliste. Dispensasjonssøknad og søknad om utsleppsløyve skal nabovarslast.

### Planstatus

Området er ikkje regulert. Planen det er referert til i søknaden stoppar ein km lenger sør. Tomta ligg i LNF, omsynssone landbruk i kommuneplanen, og tiltaket krev såleis dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen. Sjå vedlagte rettleiar med enkelt søknadsskjema.

Ved søknad om bruksendring skal alle forhold vurderast på same måte som ved søknad om eit heilt nytt bygg:

### **Tilkomst, parkering**

Avkjørselsløyvet som er gitt for hytte vil ikkje automatisk gjelda for heilårsbustad. Det må søkast til Statens vegvesen om utvida bruk av avkjørsle. Det er ikkje sikkert at parkering på andre sida av fylkesvegen vert godteke for heilårsbustad.

### **Vatn**

Tilfredsstillande kvalitet på drikkevatt må dokumenterast.

### **Avløp**

Det må søkast om utsleppsløyve. Aktuelle avløpsløyvingar er slamavskiljar med tett leidning til sjø eller minireinseanlegg med tett leidning til bekk eller til lukka jordbruksgrøft. Det er ein privat fellesleidning til sjø i området.

### **Oppdeling av søknad**

Vi rår dykk til å be om at søknad om løyve til tiltak og søknad om utsleppsløyve ikkje vert handsama før dispensasjonsspørsmålet er avklart, for å spara gebyr, i tilfelle det vert avslag.

### **Tekniske krav til byggverk**

I utgangspunktet gjeld dei same tekniske krava som for nybygg. Kommunen kan unnta frå visse krav i teknisk forskrift når det ikkje er mogeleg å tilpassa bygget til krava i teknisk forskrift utan at det medfører uforholdsmessige kostnader (pbl § 31-2). Søkar må gjera greie for kva slags bestemmelsar dett gjeld.

### **Teikningane**

Må påførast mål .

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15. JUNI 2018** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein grundig gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

147-18\_Naboliste  
dispensasjon

**Mottakarar:**

Byggtec Bergen AS  
Veronica Vamråk Førde

Postboks 37      5113  
Skarpenesvegen      5918  
100

TERTNES  
FREKHAUG